

**Fra:** Marthe Hammer (mchammer@online.no)

**Sendt:** 22.09.2020 21:56:14

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Interpellasjon til fylkestinget :Jernbanen må vere underlagt nasjonal folkevalgt kontroll

**Vedlegg:**

## Jernbanen må vere underlagt nasjonal folkevalgt kontroll

Interpellasjon til fylkestinget 29.-30.september 2020

Regjeringa sendte 26.juni «Utkast til ny jernbaneforskrift» på høyring, med frist 25.september. Vestland fylkeskommune er høyringsinstans. Diverre har ikke denne saka vore framlagt for utval for samferdsle og mobilitet eller fylkesutvalet, og Vestland fylkeskommune har derfor ikkje sendt inn høyringsfråsegn innan fristen.

Fylkestinget er samla 29.-30.september, og sjølv om fristen for å levere formell høyring er gått ut, så er dette ei sak som er så viktig at Vestland fylkeskommune bør ha ei meining om ho.

Vestland Fylkeskommune vil uttrykke sin sterke bekymring for at Stortinget kan komme til å frasi seg retten til å bestemme over norsk jernbanepolitikk i framtida.

Departementets høyringsnotat stadfester at implementering av EUs fjerde jernbanepakke inneberer:

- krav til obligatorisk bruk av konkurranse ved tildeling av kontrakter om offentlig tjenesteytelse av persontransport med jernbane
- EUs jernbanebyrå (ERA) får overført beslutningsmyndighet fra de nasjonale sikkerhetsmyndighetene (Statens jernbanetilsyn) bl.a. når det gjelder utstedelse av felles sikkerhets sertifikater

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Er fylkesordføraren einig i at høyringsframlegg frå Vestland fylkeskommune burde ha vore framlagt utval for samferdsle og mobilitet og fylkesutvalet som eiga sak, og slik vore handsama innan fristen?
- Er fylkesordføraren einig i at:
  - det må vere opp til norske myndigheiter å avgjere om jernbanestrekningar skal leggst ut på anbod eller ikkje. Å låse fast ein bestemt jernbanepolitikk for framtida er i strid med grunnprinsippet i vårt demokrati, om at det er nasjonale folkevalgte organ som skal bestemme i Noreg
  - det framleis må vere mogleg å stille nasjonale krav til tryggleik jernbanen. Med Noreg sin spesielle klima, geografi og høge utdanningskrav til vårt personell fryktar vi at overføring av mynde til EUs jernbanebyrå, ERA, vil svekke tryggleiken
  - Stortinget må reservere Noreg mot EUs Jernbanepakke 4, slik EØS-avtalen gir høve til.

Framlegg til vedtak

Vestland fylkeskommune meiner:

- det må vere opp til norske myndigheiter å avgjere om jernbanestrekningar skal leggst ut på anbod eller ikkje. Å låse fast ein bestemt jernbanepolitikk for framtida er i strid med grunnprinsippet i vårt demokrati, om at det er nasjonale folkevalgte organ som skal bestemme i Noreg
- det framleis må vere mogleg å stille nasjonale krav til tryggleik jernbanen. Med Noreg sin spesielle klima,

geografi og høge utdanningskrav til vårt personell fryktar vi at overføring av mynde til EUs jernbanebyrå, ERA, vil svekke tryggleiken

- Stortinget må reservere Noreg mot EUs Jernbanepakke 4, slik EØS-avtalen gir høve til.

Sendt fra min iPad